

## Årsmelding OIL -skigruppa 2020

Korona inntraff hardt og brutalt for skigruppa også i mars 2020. Sesongen vart brått slutt, då snøen endeleg kom.

I august starta vi opp igjen med barmarkstrening både for nybyrjarar og dei eldre utøvarane.

Kvar torsdag kveld utover hausten var det rulleskitrening for dei yngste/nybyrjarar i Rosendal, i eit samarbeid som vi har ilag med RTL. På torsdagane var det også intervalltrening for dei eldre i Omvikdalen. Der både aktive utøvarar og tidlegare aktive har delteke. Treningane er opne for alle. All aktivitet har føregått utandørs.

Vi starta også opp ei «trening/leik» på tysdagane, i samarbeid med turngruppa.

Treningane for dei yngste har vore populære, med opptil 18 stk på rulleskitrening. Fokuset på rulleskitreningane har vore leik!

I september arrangerte vi treningsrenn på rulleski, frå skulen og opp myklebustdalen. Her vart opp mot 30 deltakarar. Dette håpar vert eit årleg arrangemang.

Då snøen kom, starta vi med skileik i Fjellhaugen, noko som var populært. Vi laga til midlertidig skicrossløype, som var veldig populær. Det vart delt ut medaljar til alle som gjennomførte. Det var ca 60 barn og unge dom deltok på crossløypa.

Vi har arrangerte eit karusellrenn i januar.

Hordaland skikrets arrangerte rekruteringkveld i uskedalen, der vi deltok med utøvarar og trenarar.

Året har vore svært prega av covid 19, som har ført til begrensa med konkurransar, spesielt utanfor kommunen. Men vi har likevel hatt deltarar i dei kretsrenna som er blitt avvikla.

Skigruppa har også delteke i dugnad med å få ei ny tidtakarbu i øvre del av ljosløypa. Eit prosjekt som framleis ikkje er fullført.

Skigruppa har hatt fokus på rekrutering, skileik og moro. Dette ser ut til å gje resultat. Og vi vil fortsetta arbeidet med rekrutering komande sesong.

For skigruppa

Tommy og Kjetil